



**DET KONGELEGE  
KUNNSKAPSDEPARTEMENT**

*Forskings- og høgare utdanningsministeren*

Stortinget  
Karl Johansgate 22  
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

19/184-

18. januar 2019

**Spørsmål nr. 721 (2018-2019) frå stortingsrepresentant Kjersti Toppe til forskings- og høgare utdanningsminister Iselin Nybø**

Desentraliserte utdanningstilbod er viktige for å kunne rekruttere breitt i ein region, for å gi gode tilbod til studentar som kombinerer jobb og heiltids- eller deltidsstudium, og for å tilby utdanning nær tilgjengelege praksisstadar. Desentraliserte utdanningstilbod skal ha same høge kvalitet som dei tilboda som blir gitt ved dei faste lærestadene.

For å svare på spørsmålet om kor mange desentraliserte program i sjukepleiarutdanninga institusjonane har lagt ned eller oppretta sidan 2013, har Kunnskapsdepartementet kontakta Norsk senter for forskingsdata – Database for statistikk om høgre utdanning (NSD-DBH). Institusjonane rapporterer på tre ulike måtar til NSD-DBH om korleis utdanningsprogram er organiserte: 1) Undervising som blir gitt ved ein av dei faste lærestadene, 2) desentralisert undervising som ikkje blir gitt ved ein av dei faste lærestadene, og 3) nettbasert undervising som blir tilbydt som rein nettundervising eller i kombinasjon med regionale eller campusbaserte samlingar. NSD-DBH opplyser at denne rapporteringa ikkje gir eintydige tal på desentraliserte program i sjukepleiarutdanninga som over tid er etablerte, blir tilbydde og er lagde ned.

For likevel å få eit bilde av utviklinga av desentraliserte program har NSD-DBH foreslått å kople utdanningsprogramma i sjukepleiarutdanninga opp mot registrerte studentar på desse programma fordelt på dei tre kategoriane over. Dersom det er registrert ein aktiv student på programmet, blir programmet sett på som aktivt (ikkje lagt ned). Når det ikkje lenger er registrert aktive studentar, blir programmet sett på som lagt ned. Ut frå desse føresetnadane har NSD-DBH utarbeidd det datagrunnlaget som følgjer frå 2009 til 2018.

### Tal aktive studieprogram i sjukepleiarutdanninga

Organisering	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Nettbasert	1	1	1	5	5	5	5	2	2	2
Desentralisert	11	14	15	11	10	9	7	12	11	11
Ved faste lærestader	43	48	47	46	45	43	45	46	42	40
Sum program	55	63	63	62	60	57	57	60	55	53

Kilde: NSD-DBH

### Tal registrerte studentar i sjukepleiarutdanninga

Organisering	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Nettbasert	23	46	79	248	257	280	258	85	60	69
Desentralisert	719	690	821	596	589	567	664	937	1043	962
Ved faste lærestader	12 146	12 456	12 896	13 083	13 542	13 689	14 022	14 231	14 261	14 248
Sum registrerte studentar	12 888	13 192	13 796	13 927	14 388	14 536	14 944	15 253	15 364	15 279

Kilde: NSD-DBH

Tabellane viser at talet på aktive desentraliserte program samla sett er om lag uendra frå 2013 til 2018, men det er ein viss auke i det samla talet på registrerte studentar på desse programma. Talet på nettbaserte program og registrerte studentar på desse programma har samstundes gått ned. Ei nærare vurdering av datamaterialet indikerer at det er etablert to nye program i perioden 2013 til 2018 medan fem program er avvikla. I tabellen i vedlegget er talet på registrerte studentar på desentraliserte og nettbaserte utdanningsprogram slått saman og synleggjort for dei ulike institusjonane.

Institusjonane melder inn sine planlagde studieprogram til Samordna opptak. Nokre av dei desentraliserte tilboda har berre lokale opptak og blir dermed ikkje registrerte gjennom Samordna opptak. Kunnskapsdepartementet har derfor ikkje på dette tidspunktet ein samla oversikt over kva for desentraliserte utdanningsprogram som institusjonane planlegg å etablere eller leggje ned i 2019. Eg er mellom anna kjent med at det ved Nord universitet er lagt opp til å vurdere vidare programtilbod i samanheng med avklaring av studiestadstruktur, jf. òg svaret mitt på spørsmål nr. 1879 (2017-2018) om sjukepleiarutdanning i Nordland frå stortingsrepresentant Marit Knutsdatter Strand.

Det skal vere mogleg å rekruttere dyktige sjukepleiarar i alle deler av landet. Studietilboda er eitt av svara på korleis vi skal få til dette. Regjeringa styrer likevel ikkje korleis institusjonane organiserer studietilboda sine. Eg har derfor heller ikkje laga ein nasjonal plan for å auke omfanget av desentraliserte program i sjukepleiarutdanninga.

Eg er opptatt av at universitet og høgskular følgjer opp samfunnsoppdraget sitt for regionane. Det er styret ved institusjonane som innanfor eigne rammer, strategiar og prioriteringar må vurdere korleis studieplassar bør disponerast for å utdanne fleire godt kvalifiserte sjukepleiarar. Institusjonane må òg vurdere korleis dei kan samarbeide med desentraliserte

utdanningscenter, kommunar og lokalsjukehus for å ivareta regionen sitt behov for sjukepleiarar ved for eksempel å gi desentraliserte tilbod.

Det er i dag tilbod om sjukepleiarutdanning ved 13 institusjonar (7 av 10 universitet, 4 av 6 statlege høgskular og 2 private høgskular). I 2018 var det om lag 50 ulike program i sjukepleiarutdanninga og talet på studentar varierte frå under 5 til 1 500, jf. NSD-DBH. Samla viser dette at vi i Noreg har eit stor omfang av studieprogram i sjukepleiarutdanninga.

Regjeringa vurderer i dei årlege budsjettprosessane behovet for å bidra med midlar til fleire studieplassar. Stortinget har ved handsaminga av revidert nasjonalbudsjett for 2018 og statsbudsjettet for 2019 satt av midlar til å etablere til saman 125 nye studieplassar i sjukepleiarutdanninga. Institusjonane kan vurdere om desse midlane kan nyttast til desentraliserte tilbod.

Tilgangen på gode praksisplassar er ei utfordring i sjukepleiarutdanninga. Regjeringa har derfor lagt til rette for eit kommunalt pilotprosjekt som skal stimulere til fleire og betre praksisplassar i kommunane. Siktemålet er helseutdanningar som er betre tilpassa kompetansebehova slik at rekrutteringa til dei kommunale helse- og omsorgstenestene aukar.

Auka bruk av faste, heile stillingar er eit tiltak som òg kan vere viktig for å rekruttere kompetente medarbeidarar, behalde kvalifisert arbeidskraft og bidra til å ivareta arbeidsmiljøet og redusere sjukefråværet. Arbeidsgivarar må såleis vurdere korleis ein kan organisere helse- og omsorgstenestene på ein hensiktsmessig måte.

Høg kvalitet og god relevans i sjukepleiarutdanninga føreset at institusjonane samarbeider godt med relevant arbeidsliv, blant anna om innhald, dimensjonering, rekruttering, vidareutdanning, praksis og FoU-arbeid. Det er likevel institusjonane sjølve som til ei kvar tid må vurdere kva for desentraliserte tilbod som er føremålstenlege å opprette eller leggje ned.

Med helsing

  
Iselin Nybø

## Vedlegg

### Samla tal på registrerte studentar på desentraliserte og nettbaserte program i sjukepleiarutdanninga ved ulike institusjonar

Institusjon	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Høgskolen i Innlandet	113	117	126	133	136	141	125	128	144	136
Høgskolen i Molde	38	14	15	0				47	43	41
Høgskulen på Vestlandet	114	104	129	118	137	133	161	150	162	146
Nord universitet	223	249	275	284	282	278	320	380	437	394
NTNU	50	47	46	9	10	10	10	0		
OsloMet						35	68	90	102	107
Universitetet i Agder	41	38	34	45	35	26	50	40	36	47
Universitetet i Stavanger	23	46	79	99	86	101	57	36	19	0
Universitetet i Tromsø	140	121	196	156	160	123	131	151	160	160
<b>Sum</b>	<b>742</b>	<b>736</b>	<b>900</b>	<b>844</b>	<b>846</b>	<b>847</b>	<b>922</b>	<b>1022</b>	<b>1103</b>	<b>1031</b>

Kilde: NSD-DBH